



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 07.03.2018  
Vår ref.: 2016/9015-35  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## **Statsbudsjettet 2017 kap 1429 post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne - Delrapportering og anmodning om utbetaling av tilskot prosjekt Kvalvågen - Hordaland**

Me viser til tilsegn om midlar gjennom tilskotsordninga «Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2017, og til tidlegare rapportering frå Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har no mottatt anmodning om utbetaling for prosjekt Kvalvågen, Sund kommune. Prosjektet er av Sund kommune omtalt som prosjekt Skaganeset.

### **Omdisponering**

Opphavleg søknad frå Sund kommune definerte prosjektet som eit forprosjekt. Tiltaka som var skissert i prosjektskildringa var slik at prosjektet syntest vera i grenseland mellom eit forprosjekt og eit hovudprosjekt. Budsjettet var svært høgt og prosjektet fekk ikkje tilsegn om full søknadssum. Omarbeiding av prosjektet skulle skje i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Ved gjennomgang av planlagde tiltak og ønskt framdrift med tanke på bruk av tilgjengelege ressursar vart det klart at prosjektet ikkje kunne skildrast som eit forprosjekt, men var første fase av eit hovudprosjekt. Riksantikvaren er muntleg orientert om endringa, men det er ikkje tidlegare levert skriftleg søknad om omdisponering.

Oppdatert prosjektplan vart utarbeidd i samråd med Hordaland fylkeskommune og ligg vedlagt dette brevet. Prosjektplanen inneheld mellom anna revidert budsjett for prosjektet. Hordaland fylkeskommune er positiv til endringa og tilrår at Riksantikvaren godkjenner omdisponering av tilskotet frå forprosjekt til hovudprosjekt.

## Rapportering

Det er gjennomført omfattende vegetasjonsskjøtsel av lokalitetane i området, og det er merka og rydda kulturløype til lokalitetane. For å unngå å fella større tre er det heller fjerna greiner fra stående tre for å opna vegetasjonen. Det er laga lydfilar som kan nyttast i formidlinga. Det er utarbeidd grunnlagsmateriell til skilt og skilta er under arbeid og vil verte sett opp i 2018.



*Lok ID 97070 før og etter skjøtsel. Foto: HFK*



Det er gjennomført kontrollregistrering i regi av fylkeskommunen for å kontrollera kartfesting og avgrensing for dei ulike lokalitetane. Geometri er oppdatert i Askeladden for fleire av kulturminka.

*Stien er rydda og merka, og det er laga klopper over våte område. Foto: HFK*

<b>Rekneskap 2017</b>	
Lønn prosjektmedarbeidar feltarbeid (600,- per t.)	327.600,-
Kulturvernmidlar merking/materiale til klopper	11.458,-
Administrasjon prosjektgruppa	115.300,-
Dugnad rydding (turlaget)	9000,-
Teljeapparat	32.765,-
Dugnad (300 per time)	22.701,-
Studentarbeid skilt/formidling (200t x 2 á 300)	120.000,-
<b>SUM</b>	<b>638.824,-</b>

Sund kommune har søkt om ytterlegare tilskot for ferdigstilling av elektronisk formidling i prosjektet i 2018, jamfør vårt brev av 24.02.2018 med søknad om tilskot til BARK under statsbudsjettet 2018. Kommunen ynskjer difor å utsetje sluttrapportering for prosjektet til alle tiltak er gjennomført. Då første fase er gjennomført ber Sund kommune om utbetaling av tilskot tildelt i 2017.

Vedlagt ligg anmodning om utbetaling og søknad om omdisponering frå Sund kommune. Anmodning om utbetaling inneholder rekneskap for første del av prosjektet, jamfør søknad om tilskot og søknad om omdisponering. Merk mindre reknefeil i rekneskapet, sum er oppført som 638.224,-. Rett sum er 638.824,-.

### Konklusjon

Det er god framdrift i prosjektet, og det er lagt planar for vidare arbeid i 2018. Me støttar Sund kommune sitt ynskje om å utsetje å utarbeide full rapport for prosjektet til det er ferdigstilt. Dersom Sund kommune får avslag på søknad om midlar i 2018 vil fylkeskonservatoren be om at det vert utarbeidd sluttrapport for oversending til Riksantikvaren.

Hordaland fylkeskommune ber om at Riksantikvaren godkjenner søknad om omdisponering, og om utbetaling av kr 200.000,- tildelt prosjekt kvalvågen.

Brev frå Sund kommune er vedlagt, saman med ny prosjektplan og Sund kommune si løypemelding til saksgruppe Næring og Utvikling i Sund kommune. EXCEL-skjema for prosjektet er òg vedlagt. Dette skjemaet er òg sendt per e-post.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
SUND KOMMUNE

### Vedlegg

- 1 Søknad om omdisponering og anmodning om utbetaling av tilskot prosjekt Skaganeset/Kvalvågen - Sund - Hordaland
- 2 Oppdatert prosjektskildring prosjekt Kvalvågen/Skaganeset - Sund - Hordaland
- 3 Løypemelding prosjekt Skaganeset til saksgruppe Sund kommune

4 EXCEL\_Hordaland\_Oppdatert  
søknad\_og\_rapport\_omdisponering\_BARK\_2017\_Prosjekt\_kvalvågen\_Sund